



## Saksprotokoll

**Organ:** Fylkesutvalet

**Møtedato:** 28.09.2016

**Sak nr.:** 16/575-16

**Internt l.nr.:** 32736/16

**Sak:** 101/16

**Tittel:** Skriv og meldingar 28. september 2016 - oppdatert

**Behandling:**

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

- 1: Lokalisering av politiets lønn- og regnskapsenhet
- 2: Rapport Samfunnseffektar av endringar i fylkeskommune og regional statsforvaltning
- 3: HV11 må styrkast, ikkje leggest ned

### VEDTAK:

#### Heimevernet må styrkast

Tysdag 7.september 2016 gjekk det ut eit brev til forsvarskomiteen på Stortinget, underskrive av alle ordførarane i Sogn og Fjordane, der ein stiller eit klart og eintydig krav om HV 11 må styrkast, ikkje leggest ned.

Kommunane i Sogn og Fjordane sitt klare krav er at Stortinget, i handsaminga av Langtidsplanen for Forsvaret, Prop. 151S (2015-2016), seier nei til regjeringa sitt framlegg om nedbygging av heimevernet i Sør-Noreg og nedlegging av HV11.

På vegne av Sogn og Fjordane Fylkeskommune stiller fylkesutvalet seg heilt og fullt bak det samla oppropet frå eit fulltalig ordførarkorps i fylket. I staden for å kutte den einaste forsvarseininga vi har i landsdelen, vil vi på det sterkaste oppmode om at det i staden for vert lagt til rette for ei styrking av heimevernet.

-----//-----

- 4: Helse Førde og KS-utvalet: Barnehus i Sogn og Fjordane

### VEDTAK:

Fylkesutvalet støttar opp om arbeidet med å etablere ein «satellitt» av barnehuset i Bergen i Sogn og Fjordane og ber om at fylkesordføraren følgjer opp dette arbeidet.

-----//-----

- 5: TV-aksjonen NRK Røde Kors 2016

### VEDTAK:

Fylkesutvalet løyver kr 70 000 til TV-aksjonen, med dekning frå kontoen «fylkesutvalet til disposisjon».

-----//-----

6: Vestlandsrådet 2017

7: Eid vgs - areal for opplæring til nykomne flyktingar og asylsøklarar

7a: Planteikning

7b: Illustrasjon

7c: Brev til Eid kommune 23.08.16

7d: Brev frå Eid kommune 30.08.16

**VEDTAK:**

Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen legg fram notatet om tilbygg til Eid vgs. til neste fylkesutvalsmøte, 17. oktober.

-----//-----

8: Nordland fk: Innspill til revisjon av inntektssystemet knyttet til regionreformen

9: Nordland fk: Innspill til arbeidet med ny kostnadsnøkkel for båt og ferje

**VEDTAK:**

Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen leggje fram brevet for hovudutvalet for samferdsle.

-----//-----

10: Sogn og Fjordane fk: Møte med kommunal- og moderniseringsdepartementet i høve inntektssystemet

11: E-post - Workshop regionreforma – prosjektrapport frå Nordfjorderrådet og Sunnmøre regionråd

11a: Prosjektrapport Workshop Regionreforma

12: Fylkeskommunen si dokumenthandtering i Fjord1-saka

12a: Fjord1 – Pressemelding frå fylkesrådmannen

Skriv 12b, Høyringsuttale til forvaltningsrevisjonsrapport, vart ikkje handsama.